

## Saksframlegg

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Ola Teigen		15/2524- 1

**Formannskapet Møtedato: 15.11.15. Saksnr.049/15**

### Fylket sin eigarposisjon i Fjord 1 AS

#### Framlegg til vedtak:

Flora kommune rår Sogn og Fjordane fylkeskommune til å avslutte prosessen med sal av aksjane i Fjord1 til Torghatten ASA. Vi meiner at framlegg til vedtak ikkje er til det beste for selskapet, fylket sine interesser eller med tanke på arbeidsplassar i Sogn og Fjordane.

Fellesframlegg frå Ap, H, Samlingslista, Krf, V, Sv:

Vedtak: Som framlegg med 10 mot 1 røyst (Frp).

Flora kommune rår Sogn og Fjordane fylkeskommune til å avslutte prosessen med sal av aksjane i Fjord1 til Torghatten ASA. Vi meiner at framlegg til vedtak ikkje er til det beste for selskapet, fylket sine interesser eller med tanke på arbeidsplassar i Sogn og Fjordane.

Ola Teigen  
Ordførar

*Ola Teigen*  
*Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur*

## **Saksopplysningar:** **Grunngjeving**

Sogn og Fjordane fylkeskommune må vege mange ulike moment i ein slik prosess. I innstillinga vert det trekt fram at det er "*det finansielle målet som er mest relevant og avgjerande målet for vurderingane i saka.*" Slike argument framkom òg i 2011 då Sogn og Fjordane fylkeskommune vurderte sal. I ettertid har det vist seg at utviklinga i Fjord1 har vore særskilt god, og vedtaket den gang har vist seg å vere i tråd med ynskje om å ivareta dei finansielle verdiane fylkeskommunen sat på. Fjord1 har etterkvart kome i posisjon til å betale ut store utbyte til eigarane. Selskapet si positive utvikling har gjort at behovet for kapitaltilgang er redusert og dermed vil behov for bidrag frå eigar vere redusert. Såleis er fylkeskommunen langt mindre risikoeksponert i dag enn for 4 år sidan, og diskusjonen bør heller handle om korleis ein kan forsterke dette positive biletet.

Sogn og Fjordane fylkeskommune kan, basert på diskusjonar i media, ta sikte på å oversjå ein forkjøpsrett Havilafjord hevdar dei har med fylkeskommunen. Flora kommune skal ikkje meinte noko om dei moralske aspekta i slike vurderingar, ei heller om kva ein rettvist vil ende med, men vi er uroa for ein langvarig rettsprosess om eigarskapet til selskapet. Dersom Fjord1 har eit uavklart eigarforhold over fleire år, vil dette hemme selskapet si utvikling. Forkjøpsretten må avklarast, om naudsynt rettsleg, før fylkeskommunen eventuelt avhendar eigarskapen i selskapet, uavhengig av kva form dette har. Sogn og Fjordane fylkeskommune må ikkje legge opp til ein slik strid.

Fjord1 er eit stort selskap innan transportnæring i Noreg. At eit slikt selskap er lokalisert i Sogn og Fjordane betyr at unike kompetansemiljø er direkte lokalisert i fylket, noko som gjev grunnlag for at yttarlegare utviklingsmiljø etablerer seg utanfor selskapet i nære samarbeidsrelasjonar. Slike positive resultat ser vi på fleire område. Slike lokomotiv er det ynskjeleg at vi får fleire av i Sogn og Fjordane. Innan innkjøp og sponsorverksemd ser vi at hovudkontoret si lokalisering er viktig. Dersom Fjord1 vert eit underbruk i Torghatten meiner vi at det er stor risiko for at arbeidsplassar både direkte og indirekte vil bli færre, samt at det vert mindre samhandling med samfunnsinteresser og bedrifter i fylket .